

Foreldremøte om val av programfag

Foreldre/føresette til elevar i klassane 1STA, 1STB og 1STC vert med dette inviterte til informasjon om elevane sitt val av programfag.

Tid: Torsdag 24. februar kl. 16.00.

Stad: Konsertsalen på Stord vidaregåande skule (avd. Saghaugen)

Elevar som går første året på studiespesialiserande skal tidleg i mars månad velja programfag for vg2 og vg3. Kva elev skal velja til saman sju fag for dei to skuleåra. Valet får følgjer for skulekvardagen, vitnemålet etter vg3 og ikkje minst høgare utdanning etter vidaregåande skule.

Stord vidaregåande skule meiner fagvalet er so viktig for elevane at også foreldre/føresette bør forstå kva det inneber.

Møtet er ein del av Open Dag på skulen og vil vara 40-45 minuttar. Underteikna vil først orientera. Deretter vil det bli høve til å stilla spørsmål til faglærarar om innhaldet i dei enkelte programfaga.

Vel møtt.

Helsing

Torleiv Agdestein

Fagleiar Stord vidaregåande skule